



Kvifor kan dei ha ein fotgjengarovergang i Neslia der det er 60 kilometer i timen medan det ikkje er aktuelt i Uskedalen, undrar Torfinn Myklebust. Dette biletet er frå Neslia. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvifor er det skilnad på Rosendal og Uskedalen? Torfinn Myklebust spør om det i eit innlegg om fartsgrensar og fotgjengarovergangar i Neslia og på Korsnes. Han synest at det høyrast rart ut at dei i Neslia kan ha ein fotgjengarovergang der det er 60 kilometer i timen medan det ikkje er aktuelt i Uskedalen.

Her er innlegget:

Kvifor er det skilnad på Rosendal og Uskedalen?

Korsnes Vel har i mange år arbeidd for å få fotgjengarovergang over riksveg 48 mellom vegen til Korsnes og gang- og sykkelvegen på andre sida av riksvegen. Svaret frå vegstyresmaktene har vore negativt. Det ville ikkje verta aktuelt utfrå trafikk og tilhøve på staden.

No er Korsnes Vel ute igjen. Denne gongen er ein tenestemann under rådmannen i Kvinnherad som svarar. Han seier at han vil be Statens vegvesen vurderer å utvida 50-kilometersona. No er det fartsgrense på 60 kilometer i timen på den aktuelle plassen, og med slik fartsgrense og kanskje ein fart av mange som er høgare enn det, forstår vi at det framleis ikkje er aktuelt med fotgjengarovergang.

Men får ein fartsgrensa på 50 kilometer i timen og redusert fartsnivået til under det, kan det vera aktuelt for vegvesenet å vurderer overgangsfelt på nytt, meiner kommunens representant.

Det bør kanskje i alle høve vera aktuelt å redusera fartsgrensa, men det høyrast rart ut at i Neslia i Rosendal kan ein ha fotgjengarovergang der det er 60 km/t, medan det i Uskedalen ikkje er aktuelt. Uforståeleg!!

Begge plassar ligg langs riksvegen, er i samband med byggjefelt i utkanten av sentrum av bygdene, har truleg om lag same trafikken og same fartsnivå og omtrent lik standard på vegen. Kan nokon fortelja skilnaden?! I denne saka har det vore merkelege uttalar frå byråkratar i vegvesenet og kommunen. Tillit får dei ved likehandsaming!! Vi forstår ikkje dette!

Torfinn Myklebust